

Vedtekter for Fyresdal barnehage



Fyresdal

Innholdsliste

Eigar- og driftsforhold	3
Godkjenning og ansvar	3
Grunnlag for barnehagedrifta (barnehagens	
føremål)	3
Barnehagen si oppgave- formål sitt formål og	
innhald	3
Foreldreråd og samarbeidsutval	4
Barnehagetilbudet.....	4
Opptak og opptakskriterier	5
Etteropptak	6
Oppstarting.....	6
Oppseiing av plassen – endring av opphaldstid....	7
Betaling	7
Planleggingsdagar og feriar.....	7

Eigar- og driftsforhold

Fyresdal kommune eig og driv Fyresdal barnehage. **Kommunestyret som barnehageeigar har ansvaret for barnehagens drift i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter, jf. Lov om barnehagar, Rammeplanen og retningslinjer fastsett av Kunnskapsdepartementet, kommunale vedtak og plan for den einskilde barnehage**

~~Kommunestyret er ansvarleg for forvaltninga og godkjenning av vedtektene. Barnehagen er administrativt knytt til oppvekstkontore~~ **sektor for Kultur og oppvekst.**

Godkjenning og ansvar

Kommunestyret er vald som organ for godkjenning av barnehagar i Fyresdal kommune.

Grunnlag for barnehagedrifta (~~barnehagens føremål~~)

~~Den kommunale barnehagen vert driven i samsvar med Lov om barnehagar med forskrifter, rammeplan for barnehagar og kommunale vedtak. Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval i samsvar med Lov om barnehagar. Rådmannen har mynde til å føre lokalt tilsyn med verksemdar som er regulert etter Lov om barnehagar, jf. § 7 og 16 om ansvar og tilsyn.~~

Barnehagen si ~~oppgåve~~-formål **sitt formål og innhald**

Barnehagen skal gje barna eit godt miljø med vekt på lek og samvær med andre barn og vaksne. Saman med heimen skal barnehagen skape eit miljø som sikrar barnet individuell og gruppevis omsorg og støtte, stimulering, læring og etisk rettleiing. Barnehagen skal vera ein del av bygdemiljøet og ta vare på kulturverdiane i bygda, talemål, sed og skikk. Nynorsk målform skal så langt som råd nyttast i songar og litteratur.

Formål:

Verksemda skal byggje på dei etiske grunnverdiane som er forankra i Lov om barnehagar

§ 1:

"Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.”

Foreldreråd og samarbeidsutval

"§ 4. Foreldreråd og samarbeidsutvalg

For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.

Foreldrerådet består av foreldrene til alle barna. Foreldrerådet skal fremme foreldrenes fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter [§ 20](#) satt en maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke til foreldrebetaling utover dette.

Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ.

Samarbeidsutvalget består av foreldre og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.

Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.

Barnehagetilbudet

- Barnehagen har 3, 4 og 5 dagars tilbod.
- Barnehagen er open: Kl. 07.00 – 16.30.
- Avdelingane er stengde laurdag, sundag, helge- og høgtidsdagar- irekna jole- og nyttårsaftan. Dagane mellom jol og nyttår skal barnehagen haldast open dersom det er behov for det. Slikt behov må foreldra melde til barnehagen i god tid og seinast innan 1.desember kvart år.
- Barnehagen held ope onsdag før skjærtorsdag til kl. 12.00.
- Barnehageåret startar opp ved fyrste skuledag kvart år, jf. Skuleruta.
- Barnehagane har feriestengd dei tre siste vekene i juli. Alle barn må avvikle 4 veker ferie i løpet av året. Tre av ferievekene må avviklast samanhengande i tida 15. juni til 14. august, og må meldast på førehand i Visma til barnehagen innan 1. april. ~~Barna må ha 4 veker ferie i løpet av~~

barnehageåret. 3 av desse vekene skal vere samanhengande i perioden frå og med juni til og med august.

- Arealutnytting: **Leike- og opphaldsareal er 4 m² for barn over tre år og 5,3 m² for barn under 3 år.**

Opptak og opptakskriterier

Barnet må ha fylt **eitt år** før det kan få plass i barnehagen. I heilt særskilte høve kan barnehagen, med bakgrunn i dokumentert årsak, vike frå denne regelen. **Dette kan sjåast i samanheng med punkt 3 i opptakskriterier.**

Barn som fyller eit år seinast innan utgangen av august det året det blir søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august i samsvar med Lov om barnehage med forskrifter.

Barn som fyller eit år i september, oktober eller november det året det blir søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innan utgangen av den månaden barnet fyller eit år i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen det er busett. Ein kan difor søke om plass for alle barn med folkeregistrert adresse i kommunen. Dersom det er ledig kapasitet kan barn frå andre kommunar bli vurdert, dersom heimkommunen betalar plassen og **sender vedtak**, jf Telemarks avtala. Dette med plass for 1år om gongen.

Kommunen skal ha minimum eitt opptak i året. **Fyresdal har eit hovudopptak med søknadsfrist 15. mars kvart år.**

~~Søknadsfrist til opptaket vert fastsett av kommunen, jf Lov om barnehager § 12a.~~

~~Barnehageplassar for opptak til hausten, blir lyste ut kvar vår. Opptaket blir gjort samla ein gong i året med søknadsfrist 15. mars.~~

Opptak av barn skjer administrativt. Avdelingsleiar i barnehagen innstiller til opptak.

Søkarar som ikkje får plass, blir sette på venteliste. Søknader som kjem inn etter søknadsfrist, vert handsama saman med dei som står på venteliste. **Oppstarting frå venteliste, blir frå det tidspunktet barnet får tildela plass.** ~~Føresette~~ **Foreldre** som ynskjer endring av tilbodet for barn som allereie har plass, gjeld fristen for hovudopptaket.

Barnehagen har ikkje opptak **av 1-åringar** i mai og juni.

Det skal søkast på elektroniske søknadsskjema på www.fyresdal.kommune.no

Formannskapet er klageinstans.

Barnet beheld plassen til det byrjar på skulen.

Lovfesta rett til barnehageplass:

1. Barn med nedsett funksjonsevne skal ha rett til prioritet ved opptak, jf. Lov om barnehagar §18)
Krav til dokumentasjon: Skriftleg sakkunnig vurdering frå lege, PPT eller andre sosiale- og medisinske instansar.
2. Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernloven § 5-1 fyrste ledd bokstav a til d, § 3-1 og § 3-4 fyrste ledd bokstav b, har rett til prioritet ved opptak i barnehagen. Også jf § 18 i Lov om barnehagar
Krav til dokumentasjon: Skriftleg vedlegg frå barnevernstenesta.

Kommunen har ansvaret for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage.

Ut over lovfesta rett til barnehageplass blir følgjande kriterium lagt til grunn:

3. ~~Barn av einslege forsyttarar.~~
Barn i ein vanskeleg livssituasjon grunna sjukdom, sosiale vanskar, eller som av andre grunnar treng plass.
Krav til dokumentasjon: Skriftleg vurdering frå lege eller andre sakkunnige instansar.
4. Barn som fyller 5 år i inneverande år.

Etteropptak

Opptak til plass som vert ledig i løpet av året blir handsama av avdelingsleiar i barnehagen og ~~merkantil i sektor for Kultur og oppvekst~~ oppvekstkontoret.

Oppstarting

Den som har fått plass i barnehagen må ta plassen i bruk innan ein månad etter tildeling av plass. Ved etteropptak – seinast ein månad etter at melding er motteken.

Dersom det skulle oppstå tilhøve i heimen eller med barnet som barnehagen finn tungtvegande, kan barnehagen etter søknad gjera unntak frå denne regelen. Dette kan sjåast i samanheng med punkt 3 i opptakskriteria.

Oppseiing av plassen – endring av opphaldstid

Plass i barnehagen må seiast opp med ein månads skriftleg varsel, frist for dette er den 1. i kvar måned. Plassen må betalast i oppseiingstida. Frist for endring av eksisterande tilbod er den 1. i kvar måned, dersom tilbodet blir endra, gjeld endringa frå 1. påfølgande måned.

Plass sagt opp etter 1. april må betalast ut barnehageåret (31.07)

For barn som skal byrje på skulen, kan foreldra seie opp plassen i barnehagen når skulen sluttar i juni. Foreldra som skal ha barna sine i barnehagen neste barnehageår, kan i regelen ikkje seie opp plassen bare for sommarferien.

Betaling

Fyresdal kommunestyre fastset foreldrebetaling. Satsane for foreldrebetaling blir rekna ut etter maksimalgrensa for foreldrebetaling sett av Stortinget i sitt årlege budsjettvedtak.

Foreldrebetalinga skal betalast til økonomiavdelinga i Fyresdal kommune. Foreldre/~~føresette~~ som får tildela plass for sitt barn i hovudopptaket, må betale full plassbetaling for heile månaden. Det skal betalast for 11 månader i året, utifrå gjeldande betalingsmodell. Utgifter til mat kjem i tillegg til opphaldsbetalinga.

Dersom plassen ikkje er betalt innan fristen, blir det sendt purring på betalinga. Ikkje innbetalt plassbetaling kan føre til at plassen blir sagt opp.

Ekstradagar blir fakturert to gonger i året.

Planleggingsdagar og feriar

Barnehagen fylgjer skulen sine planleggingsdagar i skuleruta. Barnehagen er stengt desse dagane og informerar foreldra om dette.

Andre ferie- og fridagar i barnehagen utanom sommarferie **må meldast av foreldra i Visma**. vi ha ~~tilbakemelding på om barnet kjem eller ikkje.~~

~~Sommarferien skal leverast skriftleg med underskrift av føresette~~